



Kvinnherad Kommune

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

Att. Forvaltningsutvalet

Uskedalen 08.04.2022

KLAGE PÅ VEDTAK I KVINNHERAD FORVALTNINGSUTVAL 08.03.2022 – SAK NR 2021/2796 – OPPARBEIDING- INDUSTRIOMRÅDE BØRNES-USKEDALEN

Viser til særutskrift dagsett 23.03.2022, motteken av oss same dato, vedtak nr 2022/23.

Brødrene Hjønnvåg AS har fått tilsendt nabovarsel og har hatt merknad. Vi reknar oss difor som part i saka med klagerett med oppseiande verknad etter forvaltningslova.

Vi sender klagen pr e-post innan fristen for klage etter same lov.

Klage

Vi krev ei vurdering av § 3 i minerallova før vedtak blir gjort i denne saka. Dette er også ei vurdering Direktoratet for Mineralforvaltning krev før behandling av saka.

Vi krev også at vedtaket blir gjort om til at det ikkje skal foregå knusing og lagring av stein på området, samt at tiltaket blir gitt ei fornuftig tidsramme.

Grunngjeving

Vi ser at i møtet i Forvaltningsutvalet vart det delt ut brev frå Direktoratet for mineralforvaltning som er stila til Eidsvik & Selstad Eigedom AS den 3.februar 2022, men ikkje lagt ved saka tidlegare. Informasjonen og spørsmåla i dette brevet slik vi ser det er det ikkje gitt svar på, og er viktige i forhold til vurderinga for rett vedtak i denne saka. Vi har også følgjande punkt som bør takast med i ny vurdering i saka.

1. I følgje opplysningar gitt av Eidsvik & Selstad Eigedom AS samt oversikt i planomtalen som ligg i reguleringsplanen som er under arbeid for området

Brødrene Hjønnvåg AS
Børnes 20
5463 Uskedalen

Tlf 53482200
firmapost@hjoennevaag.com

Orgnr. NO 912698025 MVA
Bank: 5266.05.13930

Mh.

dreier det totale volumet seg til ca 117.000 m³ fast fjell som er tenkt sprengt ut i ein for oss ukjent tidsperiode. Sjå oversikt i vedlagt tabell under (denne tabellen er henta frå dokumentet til ny reguleringsplan).

2. Eidsvik & Selstad Eigedom AS har akkurat tatt ut ca 9500 m³ frå det som dei kallar for fase 1 på området BN8. Denne søknaden gjeld vidare på fase 2 som dei har estimert til ca 30.000 m³ der dei opplyser om at ca 20-25 % er tenkt bearbeida/knust for å brukast til planering i ferdig tomteareal på BN8. Dette høyrer svært mykje ut, i og med at det i utgangspunktet for alle tomtene er tiltenkt 3.200 m³ knuste massar for bruk i området. Dei vil også lagra knuste massar på tomta i ukjent tid.

3. Slik vi ser det, så må eit slikt tiltak som er omsøkt, og som om kun er ein del av heilheten, kvalifisere til å komme inn under Minerallova i og med at det ikkje er satt nokon tidsfrist oss bekjent. Det skal bli frakta sprengstein og knuste massar ut av området, samt lagra knuste massar på tomta. Det er dette som også er blitt gjennomført i fase 1. (kommersiell drift)

4. Vi legg merke til at Eidsvik og Selstad AS i sin kommunikasjon med kommunen meiner dei har dokumentert på film at boring, sprenging og knusing ikkje medfører støvplager. Dette er målingar og dokumentasjon dei sjølve har utført og kan ikkje etter vår meining sjåast som fullgod dokumentasjon i denne saka. Støymålinga som er framlagt av utførande entreprenør ser vi heller ikkje på som fullgod dokumentasjon. Oss kjent skal slike målingar etter gjeldande reglar utførast av eksternt uavhengig godkjent firma. I søknaden ligg det kun føre eit kartutsnitt med påskriven db verdi og avstand når det gjeld støymåling. Vi forventar at det vert lagt fram godkjente støv-og støymålingar.

5. For oss som nabo som driv matproduksjon i nærområdet medfører dette vedtaket ei stor belastning på vårt **ytre miljø** og ikkje minst eit heilt **ukjent tidsperspektiv** for dette arbeidet som er tenkt utført.

6. Vi meiner at samanlikna med utsprengning og planering medfører knusing, separering, transport og lagring av sprengstein heilt andre utfordringar. Desse er knytte til vedvarande støy og støv.

MH

7. I den nye reguleringsplanen for Børnes Industriområde ligg det gode føringar for utviklinga av området på alle plan. Vi seier oss leie for at politikarane ikkje godkjente denne planen i mars 2021. Og vi stiller spørsmål ved at det endå ikkje ligg informasjon for framdrift for godkjenning av denne planen.

8. I tillegg så legg vi merke til at administrasjonen vurderer at det ikkje er nye vesentlige opplysningar i denne søknaden i forhold til forrige søknad. Vi stiller oss store spørsmål at då forslag til vedtak avvik så mykje i forhold til forrige søknad. Då var innstillinga til Kommunedirektøren at ein kunne sprengje, men ikkje knuse massar på området. Massane skulle køyrast ubearbeid ut av tomta. Denne vurderinga var god. Og vi skjønar ikkje at Kommunedirektøren denne gong legg ein heilt anna ordlyd i forslag til vedtak når det ikkje er vesentlege endringar i saka.

Brødrene Hjørnevåg AS er som kjent positive til næringsutvikling på Børnes, men dette må skje på ein måte der eksisterande verksemdar, naboar og fritidseigedommar blir ivaretatt på ein god måte og ikkje må vera usikker på både framtidig sikker drift og helseutfordringar.

Brødrene Hjørnevåg AS ønskjer ei god utvikling av næringsområdet på Børnes, og har forventningar til at reguleringsplanen som er under utarbeiding skal gje bærekraftige og samfunnsnyttige rammer for dette.

Vi er sjølvsagt innforstått med at det under utbygging av området vil medføra anleggsarbeid med sprengning, transport og planering av massar og tilhøyrande støv og støy. Sidan vi driv matproduksjon i same område, er vi interesserte i at dette vert avgrensa til eit minimum og vert utført i samsvar med forutsigbare rammer. Slik rammene og vilkåra i vedtaket er formulert meiner vi at det ytre miljøet ikkje er godt nok hensynstatt. Vi har ei ISO-godkjenning, der blant anna det ytre miljøet rundt vår verksemd blir vurdert. Gjennom vår risikovurdering med så store endringar i det **ytre miljø i ubestemt tid** i forhold til støv og støy så vil det sannsynlegvis oppstå faremoment som vi ikkje kan ivareta og som vil vera til fare for våre produkt. Det kan skape utfordringar for oss å behalda ISO-godkjenninga, og føra til vanskar for oss i den daglege drifta og i forholdet til våre kundar.

Ut frå denne grunngevinga bed vi om at klagen vår vert teken til følgje.

Med helsing

Marit Hjørnevåg

Dagleg leiar

Brødrene Hjørnevåg AS

Brødrene Hjørnevåg AS
Børnes 20
5463 Uskedalen

Tlf 53482200
firmapost@hjoennevaag.com

Orgnr. NO 912698025 MVA
Bank: 5266.05.13930

MH

	Prosjektert faste masser knytt til næringsareala			
	Areal daa	Fylling m ³	Spreng m ³	Balanse m ³
BN1		0	0	0
BN2		0	0	0
BN3-4		0	0	0
BN7	3	0	14 500	14 500
BN8	9,1	0	53 000	53 000
BN9	6,1	2 500	47 500	45 000
BN10	2	600	1 000	400
BN11	2,4	100	4 500	4 400
Sum	22,6	3200	120 500	117 300

MH